



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1570 - 17/13025

Saksbehandlar:  
Randi Helene Hilland  
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:  
23.06.2017

## Etablering av ny kommune - oppfølging av felles Intensjonsavtale og Inndelingslova §25

Vedlagt følger vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland  
konsulent

Andre mottakarar:  
Fylkesmannen i Hordaland

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild	FE - 033	17/1570

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
84/2017	Kommunestyret	PS	22.06.2017

## Etablering av ny kommune - oppfølging av felles Intensjonsavtale og Inndelingslova §25

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyra i Lindås, Meland og Radøy vedtok i juni 2016 å søke om å få slå saman kommunane. Dei vedtok også ein eigen Intensjonsavtale med ei rekke føringar for kva den nye kommunen skal vere.

Hausten 2016 oppretta kommunane ei Førebels Fellesnemnd med 21 representantar. Nemnda fekk mellom anna i oppgåve å førebu arbeidet med å slå saman kommunane fram til ei formell Fellesnemnd etter Inndelingslova er oppnemnd.

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) føreset at Fylkesmannen, så snart Stortinget har vedteke samanslåing for aktuelle kommunar, skal samla kommunestyra for desse kommunane til felles møte. Form og innhald i møtet går fram av §25 i lova, og inneber både felles drøftingsmøte og separate formelle møte der kommunestyra etter lova har mynde til å gjere vedtak. For Lindås, Meland og Radøy er dato for møta sett til 22. juni 2017.

#### Saksutgreiing:

Denne saksutgreiinga inneheld ei skildring av dei tema som skal drøftast i fellesmøtet/ dei påfølgjande kommunestyremøta.

#### ***Namn på den nye kommunen.***

I Intensjonsavtalen står det m.a i pkt. 5 at ....» Framlegg til namn vert gjort av felles kommunestyremøte, inndelingslova § 25.».

I Førebuande Fellesnemnd sitt møte 20.03.2017 gjorde nemnda vedtak om at ..... «Det vert nedsett ein namnekomité som skal leie den politiske prosessen med å føreslå namn for den nye kommunen. Komiteen skal bestå av to politikarar frå kvar kommune.»

Arbeidet til komiteen tok utgangspunkt i dei forslaga til nytt namn som allereie var komen inn til kommunane, og dei som var komen inn til avisa Strilen i ein tidlegere prosess. For å skape ei brei involvering har innbyggjarar og næringsliv vore involvert og inkludert i prosessen.

Komiteen har gjennomført intervju med tre lokalhistorikarar og ei spørjeundersøking der 297 personar svarte. Resultatet frå undersøkinga synte at folk vektlegg det framtidretta i stor grad. Vidare har komiteen bruka ei referansegruppe, som vart sett saman av språkkyndig kompetanse, samt representantar frå kommunane til å arbeide fram 3-5 namn som skulle leverast tilbake til namnekomiteen. Referansegruppa kom med ei tilråding til kva namn dei meiner komiteen bør arbeida vidare med i den politiske handsaminga, totalt 4 namn: Alver, Knarvik, Kvernafjord og Radfjord.

I det arbeidet vidare tok namnekomiteen utgangspunkt i innstillinga frå referansegruppa, og dei argumenta dei hadde for sine val av namn. Dei fire namna, og nokre av dei andre tidlegare aktuelle namna, blei drøfta, og namnekomiteen kom fram til ei samrøystes innstilling som går vidare med i den politiske prosessen med val av namn til den nye kommunen.

Førebels Fellesnemnd handsama innstillinga frå namnekomiteen i møte 15. mai 2017 og gjorde vedtak om følgjande innstilling til kommunestyra: Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen. Innstillinga blei vedteke mot 6 røyster.

#### ***Talet på medlemmer i det nye kommunestyret***

I Intensjonsavtalen står det m.a i pkt. 6 at «Kommunen skal styrast etter formannsskapsmodellen med politiske utval.

Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar. Formannskapet skal ha 13 medlemmar.»

#### ***Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova***

I Intensjonsavtalen står det m.a i pkt. 11 at «Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmar til nemnda. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.»

Vidare avklaring av ansvar og mynde vil gjerast gjennom ei eiga sak om «Reglement for fellesnemnda». Saka skal handsamast av dei tre kommunestyra.

#### ***Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.***

I Førebuande Fellesnemnd sitt møte 20.03.2017 gjorde nemnda vedtak om at «Førebuande fellesnemnd ber Kontrollutvala i dei tre kommunane om å innstilla til revisor for arbeidet til Fellesnemnda i tråd med inndelingslovens §25».

Kontrollutvala i dei tre kommunane handsama saka på følgjande tidspunkt:

- Lindås, 31. mai
- Meland, 23. mai
- Radøy, 29. mai

Vedtaka frå kontrollutvala er like:

*«Kontrollutvalet innstiller med dette til revisor for fellesnemnda sitt arbeide: Kontrollutvalet har gjort ei heilheitleg vurdering av omfanget av det forventa arbeidet til revisor, slik det kjem fram i saksutgreiinga tilhørande saka.*

*Kontrollutvalet vil særleg peike på at denne innstillinga ikkje skal leggje føringar for seinare innstillingar som gjeldt revisorordning eller revisor for den nye kommunen.*

*Kontrollutvalet vil på dette grunnlaget innstille til at revisor for fellesnemnda sitt arbeide for tidsrommet 2017 – 2019 følgjer den praktiske løysinga NKRF har anbefalt, slik at det vert den rekneskapsførande kommunen sin revisor som vert vald som revisor for fellesnemnda.»*

I punkt 6 i forslag til vedtak er det foreslått at Lindås kommune skal føre rekneskap og forvaltar dei økonomiske midla til fellesnemnda. Lindås vil og ha ansvaret for å sikre at arbeidet i fellesnemnda arkiverast i tråd med gjeldande regelverk. Lindås kommune har i dag Deloitte AS som revisor.

***Det opprettast eit partssamansett utval for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og de tilsette.***

I Intensjonsavtalen står det m.a i pkt. 11 at «Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmar og to arbeidstakarrepresentantar frå kvar kommune. Desse skal peikast ut av dei tilsette sine organisasjonar».

I perioden der Førebels fellesnemnd har fungert har man hatt same ordning med partssamansett utval. Erfaringa har vist at utvalets storleik ikkje er føremålstenleg for å få gode diskusjonar/drøftingar om dei viktige spørsmåla som utvalet skal handsama. I saka om «Reglement for Fellesnemnda» vil det vere ei drøfting om samansettinga av utvalet.

***Andre forhold ved samanslåinga***

Som omtalt under punktet Val av revisor for fellesnemnda har Lindås kommune sagt seg villig til å føre rekneskapen for Fellesnemnda. I tillegg vil Lindås ha ansvaret for å arkivera dokumentasjonen frå Fellesnemndas arbeid.

I tillegg vil Lindås kommune ha funksjonen som politisk sekretariat for Fellesnemnda, med innkalling, saksdokumenter og møteprotokoll frå møta.

**Framlegg til vedtak:**

1. Namnet på den nye kommunen skal vera Alver
2. Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar
3. Fellesnemnda for kommunane Lindås, Meland og Radøy skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmar til nemnda. Medlemmane vert valt av og blant medlemmane i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.
4. Val av revisor for verksemda i fellesnemnda. Revisor for den rekneskapsførande kommunen vert vald som revisor for fellesnemnda. Jf punkt f.
5. Det opprettast eit partssamansett utval for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og de tilsette.
6. Lindås kommune fører rekneskap og forvaltar dei økonomiske midla til fellesnemnda. Kommunen arkiverer arkivverdige materiale frå Fellesnemndas arbeid og er politisk sekretariat for Fellesnemnda.

## Kommunestyret - 84/2017

### **KS - behandling:**

Det vart røysta over kvart punkt enkeltvis.

### **Avrøysting:**

**Punkt 1 i framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Punkt 2 i framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Punkt 3 i framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Punkt 4 i framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Punkt 5 i framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Punkt 6 i framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

Medlemmene til Fellesnemnda vart valde i kommunestyret 14.06.17, sak 66/2017.

### **KS - samrøystes vedtak:**

1. Namnet på den nye kommunen skal vera Alver
2. Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar
3. Fellesnemnda for kommunane Lindås, Meland og Radøy skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmar til nemnda. Medlemmane vert valt av og blant medlemmane i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar.  
Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.
4. Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.  
Revisor for den rekneskapsførande kommunen vert vald som revisor for fellesnemnda. Jf punkt f.
5. Det opprettast eit partssamansett utval for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og de tilsette.
6. Lindås kommune fører rekneskap og forvaltar dei økonomiske midla til fellesnemnda.  
Kommunen arkiverer arkivverdige materiale frå Fellesnemndas arbeid og er politisk sekretariat for Fellesnemnda.